

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
069/21	Plan- og kommunalteknisk utval	PS	25.08.2021
066/21	Heradsstyret	PS	13.10.2021

Saksbehandlar	ArkivsakID
Wenche-Mari Bliksås	20/1514

Temaplan for trafikksikring i Osterøy kommune 2021-2025

Vedlegg:

Temaplan for trafikksikring i Osterøy kommune 2021-2025 - 110121

Temaplan for trafikksikring i Osterøy kommune 2021-2025 vert vedteken slik den ligg føre.

Plan- og kommunalteknisk utval - 069/21

PL - behandling:

Kjellaug Hartveit, SP, gjorde slikt framlegg: "På S. 31 i temaplanen bytter nr. 1 og nr. 2 på lista plass. Bruvik vegen vert altså gjort 1. prioritert i planen."

Kjellaug Hartveit, SP, trakk sitt framlegg før avrøysting.

Alf Terje Mortensen, FRP, gjorde slikt framlegg: "Bruvikvegen vert løfta opp som nummer ein på lista over store vegprosjekt"

AVRØYSTING:

Rådmannen sitt framlegg - 4 røyster (H, AP, KRF, SP)

Alf Terje Mortensen, FRP, sitt framlegg - 1 røyster (FRP)

PL - vedtak:

Temaplan for trafikksikring i Osterøy kommune 2021-2025 vert vedteken slik den ligg føre.

Heradsstyret - 066/21

HS - behandling:

Framlegg og votering i saka følgjer av voteringsprotokoll som ligg nedst i møteboka, etter siste sak 079/21.

HS - vedtak:

Rådmannen sitt framlegg vert vedteke med følgjande endring : På S. 31 i temaplanen bytter nr. 1 og nr. 2 på lista plass. Bruvikvegen vert altså gjeve 1. prioritet i planen.

Saksopplysningar:
SAKSOPPLYSNINGAR

Saka skal handsamast av Plan- og kommunalteknisk utval

Saka skal vedtakast av Heradsstyret.

SAMANDRAG

Saka gjeld vedtak av Temaplan for trafikksikring i Osterøy kommune 2021-2025.

Temaplanen vart handsama i Plan- og kommunalteknisk utval 27.01.2021 i sak 005/21 og Heradsstyret 24.02.2021 i sak 008/21.

Vedtaket frå Heradsstyret var at saka vert utsett til etter Vestland fylkeskommune sin Regionale Transportplan for Vestland 2022-2033 vart lagt ut på høyring.

Regional Transportplan for Vestland vart lagt ut på høyring i juni 2021. RTP 2022-2033 skal etter planen verte vedteke av fylkestinget i desember 2021.

I høyringsutkastet til ny Regional transportplan er det 5 nye plantema. Desse er:

1. Forvaltning av eksisterande fylkesvegnett
2. Mobilitet og kollektivtransport
3. Miljøløftet
4. Økonomisk berekraft
5. Nasjonale ansvarsområde

I handlingsdelen i utkast til Temaplan for trafikksikring for Osterøy 2021-2025 er kategoriar som Rassikring, trygg skuleveg, reiseliv og tiltak langs fylkesvegnettet, auke i kollektivandel, sykkel og gange. Desse er i tråd med prioriteringar for fylkesvegar arbeidd ut i frå kategoriane skildra i Regional Transportplan for Hordaland 2018-2019 sin handlingsdel 2018-2021.

Utkastet til temaplanen vil difor ikkje samsvare med revidert utgåve av Regional transportplan.

BAKGRUNN OG HISTORIKK

Arbeidet med temaplanen starta med eit politisk engasjement i 2018 etter at det ikkje vart sendt inn innspel frå Osterøy kommune til Regional transportplan 2018-2029. Handlingsdelen i kommunen sin trafikksikringsplan, gjeldande 2016-2020, samsvara ikkje med dei nye prioriteringsområda og kategoriane i Regional transportplan. Dette fekk fleire lokalpolitikarar til å frykta at kommunen ikkje ville senda inn innspel eller søknader til tiltak/tilskot til fylkeskommunen før temaplan for trafikksikring vart rullert. I innstillinga frå trafikksikringsnemnda som vart oppnemnd samsvarar prioriteringar i handlingsplanen med kategoriar og prioriterte satsingsområde i Regional Transportplan.

Etter innstillinga frå trafikksikringsnemnda vart sendt over til rådmannen i juni 2019 har innstillinga vore nytta i søknadsprosessar knytt til nedsett fartsgrense. Innstillinga vart innarbeidd i handlingsdelen til temaplanen, og temaplanen har vore til offentleg høyring i perioden 14.09.20-30.10.2020. Innkomne merknadar er svart ut, og størsteparten er teken til følge i planen. Det har i perioden 2016-2020 kome innspel til trafikksikringstiltak som er lagt inn i handlingsplanen, samt tiltak i samband med pågåande arbeid i administrasjonen.

I samband med politisk handsaming av temaplanen våren 2021 fekk administrasjonen spørsmål om ikkje tiltak mot viltpåkøyrslar burde vore med i temaplanen. Årleg er det ei rekke påkøyrslar i kommunen. I 2020 er det registrert 11 tilfelle (hjorteviltregisteret.no)

Rådmannen er samd med at dette er eit naturleg tema inn i ein trafikksikringsplan. Ei kartlegging av hjortetråkk, gjennomgang av ulukkesstatistikk og vurdering av tiltak osb. er naudsynt i ei slik prosess. Rådmannen rår til at dette vert teke med i prosessen ved neste rullering av trafikksikringsplanen.

Arbeidet med temaplanen har teke lang tid, og ressursbruken til politikarar og administrasjon har vore stor. Dersom rådmannen skal revidere utkastet til temaplanen slik at den vert i tråd med Regional transportplan sine nye plantema og innarbeide fortløpande innspel til tema, vil det krevje mykje ressursar som må takast frå andre oppgåver.

RÅDMANNEN SI VURDERING

Rådmannen vurderer at temaplan for trafikksikring 2021-2025 vert vedteke slik den ligg føre, slik at Osterøy kommune har ein oppdatert plan med ein handlingsplan som har vorte utarbeidd med politisk engasjement og med innspel frå innbyggjarar, grendaråd og rådmannen. Ein oppdatert plan gjer blant anna at rådmannen kan søkje om tilskot til trafikksikringstiltak.

Med omsyn til neste rullering av temaplanen vil det i tråd med vedteken planstrategi ta tid før vi kan få fram ein trafikksikringsplan som er i tråd med RTP.

Rådmannen ønsker at ved neste rullering av Temaplan for trafikksikring i Osterøy kommune skal det vere ein breiare medverknadsprosess, klårare veking og prioritering av dei ulike tiltaka, og det bør vere eit særskilt fokus på å ivareta barn og unge sine interesser i planarbeidet. Administrasjon vil vere ein faginstans som vil kunne rettleie for kva type tiltak som kan klassifiserast kor på prioriteringslistene og gjennomføringsgraden i dei ulike tiltaka.

Rådmannen tilrår at Temaplan for trafikksikring i Osterøy kommune 2021-2025 vert vedteke slik den ligg føre.